

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Frode Vee-Haugen	FA - U60	16/128

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
022/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016
005/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

## Unntaksregel for vidareføring av eksisterande sals- og skjenkeløyver i fire nye år

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune går inn for å halde fram med noverande ordning der sals- og skjenkestader må søke om nytt løyve for ein ny 4-årsperiode.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Alkohollova er endra slik at kommunale sals- og skjenkeløyver ikkje må gå ut etter fire år , som i dag, jf. alkohollova § 1-6.

#### Fakta

Det er innført ein unntaksregel i alkohollova som gjev kommunane høve til, etter eit kommuneval, å vedta at alle eller einskilde løyver kan vidareførast i inntil fire nye år utan krav om søknad om nytt løyve. Ein føresetnad for å gjera eit slikt vedtak er ein gjennomgang av alkoholpolitikken etter kommunevalet. Endringa gjeld frå og med 1. januar 2016 som eit nytt punkt i alkohollova, jf alkohollova § 1-6, 3. og 4. ledd:

«Kommunen kan beslutte at bevillinger etter første og annet ledd likevel ikke skal opphøre, men gjelde vidare for en ny periode på inntil fire år med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Kommunen kan beslutte at ingen bevillinger skal opphøre eller fastsette nærmere retningslinjer for hvilke bevillinger det må søkes om fornyelse for. Ved fastsettelse av disse retningslinjene kan kommunen legge vekt på de samme forhold som ved behandling av ny søknad, jf. § 1-7a. I stedet for krav om fornyelse kan kommunen endre eller fastsette nye vilkår for bevillinger i samme utstrekning som ved behandling av ny bevilling, jf. §§ 3-2 og 4-3.

Beslutninger etter tredje ledd kan bare fattes dersom kommunen etter kommunevalget har foretatt en gjennomgang av alkoholpolitikken i kommunen, herunder vurdert bevillingspolitikken.»

Saka har vore drøfta i siste møte i kontaktutvalet for sals- og skjenkekontrollen.

#### Vurdering

I noverande lovgjeving er det eit krav om at før kommunestyret avgjer søknaden, skal det hentast inn uttale frå sosialtenesta og politiet. I tillegg kan det også hentast inn uttale frå skatte- og

avgiftstenesta, jf. alkohollova § 1-7, 2. ledd.

I tillegg er det også eit krav om at løyvehavar og personar som har vesentleg innverknad på verksemda, må ha vist ein uklanderleg vandel i høve til alkohollovgjevinga og reglar i annan lovgjeving som har samanheng med formålet til alkohollova, jf § 1-7b.

Med ei slik ordning med vidareføring av løyve utan krav om nytt løyve så vil det blir vanskelegare for kommunen å få oversikt over endringar i verksemda samt innhente opplysningar som oppfyller noverande krav til søknaden.

Viss kommunen likevel ser det som formålstenleg å oppfylle noverande krav til vandel og uttale frå politi, sosialtenesta og skatte og avgiftsmyndighetene så må kommunen likevel hente desse opplysningane i samband med fornying av løyvet utan søknad. Det kan føre til meirarbeid om kommune sjølv aktivt må overvake at verksemda oppfyller lovkrava, eller enda risikere at dette blir oversett. Den beste måten å få oversikt over endringar i verksemda og oppfylling av regelverket elles er likevel ved å innlevere søknad.

Kommunestyret må uansett ta ein gjennomgang av alkohol- og løyvepolitikken ved handsaming og revisjon av alkoholpolitisk handlingsplan for neste periode.

Rådmannen tilrår difor at ordninga med søknad for oppattnying av løyva vert oppretthalde både for salsløyve og skjenkeløyve.

### **Konklusjon**

Masfjorden kommune går inn for å oppretthalde eksisterande ordning med søknad for oppattnying alle løyver for ein ny 4-års periode.

## **Formannskapet - 022/2016**

### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

### **Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

### **FS - vedtak:**

**Masfjorden kommune går inn for å halde fram med noverande ordning der sals- og skjenkestader må søke om nytt løyve for ein ny 4-årsperiode.**

## **Kommunestyret - 005/2016**

### **KS - behandling:**

Ordfører Karstein Totland orienterte om saka.

### **Røysting:**

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke (16 røyster).

### **KS - vedtak:**

Masfjorden kommune går inn for å halde fram med noverande ordning der sals- og skjenkestader må søke om nytt løyve for ein ny 4-årsperiode.